

## Referat frå møte i regionalt brukarutval i Helse Vest onsdag 29.1.14

Til stades	Forfall
Else-Berit Ingvaldsen	
Kari Toftøy Andersen	Njål Idsø
Steinar Andersen	
Grete Knudsen	
Solfrid Lillebø	
Claus Ingebrigtsen	
Svein Nord Kristiansen	
Dagfinn Vik	
Oddveig Birkeland	Harald Lindvik
Linn Victoria Skretting	Pål Berger

### **Sak 01/14 Godkjenning av innkalling og referat**

Innkalling og referatet vart godkjent

### **Sak 02/14 Gjennomgang av styresaker og orientering om budsjett for 2014 ved økonomidirektør Per Karlsen**

Økonomidirektør Per Karlsen gjekk igjennom styresakene med vekt på desse:

#### **Rapportering frå verksemda.**

Det har vore god aktivitet i 2013, litt over det som var bestilt, men det er ok landet sett under eit. Ventetider samla går ned, den er no under 65 dagar. Helse Fonna og Bergen nærar seg 0 i fristbrot, som i Helse Førde. Det er også ein betydeleg nedgang i fristbrot i Helse Stavanger. Korridorpasientar er størst problem i Stavanger, men trenden i Helse Stavanger er svak nedgang. Det er færrest korridorpasientar i Helse Førde. Når det gjeld økonomi er resultatet i 2013 det beste resultat vi har hatt. Dette er positivt for evna til å realisere investeringsplanane framover.

Karlsen gjorde kort greie for Kostnad per pasient (KPP) som er ein måte å analysere pasientbehandling over tid eller for å samanlikne med andre. Dette skal innførast innan 1.1.17.

Karlsen gjorde også greie for Kvalitetsbasert finansiering (KBF). Dette går ut på at 29 indikatorar blir målt på alle offentlege sjukehus, og ein får pengar etter kor godt ein skårer på desse. Det er eit prøveprosjekt over 3 år, så midlane er ikkje veldig store framleis, men dette vil det nok kome meir av etter kvart. Det kan vere positivt å fokusere på kvalitet, men det negative er at dei 29 indikatorane vil få stort fokus til fordel for alt det andre som blir gjort i sjukehusa som det ikkje er knytt pengar til direkte.

Når det gjeld sjukefråver ligg Helse Vest best an blant alle helseføretaka.

## **Konsernbudsjett:**

Budsjettet for 2014 er rekordstort, både i vekst og størrelse. Budsjetta tar omsyn til befolkningsvekst og samansetting i befolkninga.

Investeringsbudsjettet er litt større enn i fjor. Stavanger får 410 mill, Fonna 122 mill, Bergen 928 mill (går hovudsakleg BUSP) Førde 118 mill (går hovudsakleg til ny landingsplass for helikopter).

## **Oppdragsdokument for 2014**

Oppdragsdokumentet er korta ned frå tidlegare år. Det er tre nyheiter i dokumentet: Det skal etablerast eit felles eigd helseføretak for samordning av eigeomsområdet i 2014. Dette føretaket skal liggje i Helse Midt. Det skal etablerast eit nasjonalt IKT selskap, og dette skal liggje i Bergen. Endelig skal dei regionale helseføretaka greie ut korleis ein kan kome fram til ein nasjonal struktur innan innkjøpsområdet.

## **Dagkirurgi på Nordfjord**

Det skal etablerast dagkirurgi på Nordfjord. Forslaget til vedtak til styret ser slik ut:

1. Styret i Helse Vest slår fast at det skal etablerast eit dagkirurgisk tilbod ved Nordfjord sjukehus.
2. Tilbodet må ha eit omfang på om lag 60 operasjonsdagar i året. Kataraktkirurgi (grå stær) vil vere eit sentralt område. Helse Førde må fortløpande vurdere alle andre fagområde ut frå behov, ventetider og bemanning innanfor dei ulike fagområda. Kvalitet og pasienttryggleik må vere avgjerande i val av fagområde.
3. Helse Vest vil bidra til å dekke kostnadene til nødvendige investeringar og meirkostnader til drift med inntil kr 4 mill. til drift og inntil kr 8 mill. som eit eingongsbeløp til nødvendige investeringar.

## **Sak 03/14 Oppdragsdokument for 2014, gjennomgang av Hans Stenby**

Hans Stenby gjekk igjennom oppdragsdokumentet for 2014. Presentasjonen er lagt ved protokollen.

## **Sak 04/14 Retningslinjer for brukarmedverknad – utkast til høyringsuttale frå RBU**

Brukarutvalet diskuterte utkastet til uttale som var laga av Else Berit, Claus og Svein. Else Berit tilføyer litt tekst med henvising til sjukehustalen til Bernt Høye, der brukarmedverknad blei framheva. RBU er særskilt opptatt av møte og talerett i styret. Dette er ein rett alle dei andre regionale brukarutvala har. Det er nye styremedlemmar i styret i Helse Vest no, og ny styreleiar. RBU har eit håp om at det nye styret kan vere meir positivt innstilt til dette enn det gamle.

## **Sak 05/14      Brev**

- Brev frå Fellesaksjonen om medisinsfrie einingar  
Synnøve svarer på vegne av RBU.

## **Sak 06/14      Deltaking i arbeidsgrupper og informasjon om aktivitet sidan sist**

- Prosjekt for å redusere bruken av korridorpatientar – Claus representerer RBU  
Det skal vere 4 møter om dette til saman. I første omgang har gruppa fokus på å kartlegge korleis korridorpatientar blir talte og registrerte. Så vil ein fokusere på tiltak.
- Parfymefri tilrettelegging i helsevesenet  
Brukarutvalet tar brevet til orientering, denne saka er tidlegare tatt opp med kvalitetssatsinga i Helse Vest.
- Møte om kompetanse og organisering i somatiske akuttmottak 3.2.14 – Else Berit og Dagfinn stiller på dette møtet.
- Ny representant til styringsgruppe for planlegging av regionale sentre for protonterapi.  
Grete Knudsen blei oppnevnt. Solfrid held fram i referansegruppa.
- Følgjande rapportar frå aktivitet var komne inn til møtet:
  - Møte med referansegruppe Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering Nesttun tirsdag 7. januar 2014 (Else Berit)
    - Som brukarrepresentantar frå RBU stilte Eivind Skjerven og Else Berit Ingvaldsen.
    - Kort orientering om status for kompetansesenteret. Komp.sentrene vart evaluert hausten -13.
    - Drift og tiltak i 2013
    - Gjennomgjekk årsplan 2014 med innspel frå medlemmene i Referansegruppa.
    - Videreføring av pågåande arbeid samt nye tiltak som bl.a.:
    - Kompetansesenteret skal lede regionalt prosjekt for utvikling av habiliteringstilbud i spesialisthelsetenesta.
    - 3 stipendiatstillingar innan habilitering og rehabilitering.
    - Delta i nasjonal referansegruppe for utvikling av Veileder til Forskrift om habilitering og rehabilitering.
    - Brukarrepresentantane synes kompetansesenteret jobbar godt og systematisk. Mange nettverk er på plass og møteplassar blir arrangert i heile regionen. Gledelig er det også at det no blir lagt større vekt på forskning innan habilitering og rehabilitering.
    - Sender evalueringsrapporten for alle kompetansesentrene til RBU-medlemmene på mail
  - Planlegging av DPS lederseminar (Solfrid)
    - Seminaret vert 26. og 27. mai på Sola strandhotell
    - Er i rute med planlegginga
  - Grete Mùller har sendt referat frå møte i Nettverk for læring og mestring
  - Styringsgruppe for Nye nettsider i Helse Vest
    - Else Berit har deltatt på telefonmøter

#### **Sak 07/14      Alle møter, orientering ved Finn Olav Mjærum**

Mjærum orienterte om vestlandspasienten.no som blei lansert på måndag. Portalen er per i dag bare tilgjengelige for pasientar i Helse Stavanger, men vil bli gjort tilgjengelige til resten av regionen i løpet av 2014.

<https://helsenorge.no/vestlandspasienten/Sider/default.aspx>

Mjærum orienterte så om ringetenesta som vil vere på plass i løpet av mai.

Vidare orientert Mjærum om arbeidet med forbetring av arbeidsprosessar på poliklinikk, særleg håndtering av tilvisingar, endring av time og planlegging av vidare førløp.

Det har vore to samlingar i brukarpanelet, som Mjærum tidlegare har informert om. Det har og vore møte med representantar frå RIO om ringetenesta og om dei utfordringane som er særskilt knytt til rusmisbrukarar.

#### **Sak 08/14      Nye nettsider orientering ved Kåre Peder Nystad**

Nystad orienterte om status for arbeidet. Han vil komme tilbake til RBU når forslag til nettsider er meir konkret.

#### **Sak 08/14      Eventuelt**

##### **Pasientreiser:**

Pasientreiser i Noreg er organisert gjennom 18 lokale pasientreisekontor og eit nasjonalt selskap, Helseforetakenes senter for pasientreiser ans. Styret for det nasjonale selskapet vil i komande styremøter be om brukarerfaring frå kvart av dei 4 helseforetaka som eig pasientreiser. Helse Vest vil få denne utfordringa til eit komande styremøte, og RBU ber HF-a kome med innspel til ein brukarrepresentant som kan legge fram sin og andre sine brukarerfaringar til eit styremøte i styret for pasientreiser ans.

RBU vart samde om å senda forespørsel til BU-a i regionen og etterspørje om nokon veit om ein brukarrepresentant som kan halde eit innlegg på eit styremøte i Pasientreiser.

##### **Årleg melding frå RBU:**

Alle fekk utdelt utkast til Årleg melding og skal sjå på dette snarast og melde tilbake om rettingar og forslag til endringar/tillegg via mail. Årleg melding blir ferdigstilt til neste møte i februar.

##### **Erfaringskonsulentar:**

Solfrid stilte spørsmål om det er erfaringskonsulentar i Helse Vest. Synnøve undersøker dette til februar møtet.

##### **Tidsplan for RBU-møta:**

Det vart tatt opp at RBU-møta kunne vera noko hektiske med møteslutt kl. 14. Dagens møte vart utvida med vel ½ time, men då utan sekretær og slik at nokre medlemmer tok på seg å skriva referat frå dette. Forslag om å setja møtetid til kl. 15 og heller runda av tidlegare om ein blir ferdig før.

**Neste RBU-møte: Fredag 21. februar i Stavanger.**